


# + KYRKJEHLSING

KYRKJELYDSBLAD FOR ØSTERØY



NR. 1 FEBRUAR 2013  
38. ÅRGANG

**OSTERØY  
PRESTEGJELD  
TILSETTE/RÅD  
OG UTVAL**

Kyrkjekontoret ved Rådhuset  
Opningstider: Mån - fre: 08.00 - 15.00  
(Måndag er fridag for prestar og organistar)

TLF: 56 19 22 80 FAX: 56 19 22 81  
E-MAIL: kyrkje@osteroy.kommune.no  
HEIMESIDE: www.osteroy.kyrkja.no

**Direkte innval:**

Helge Kolstad	56 19 22 80
Tom Sverre Tomren	56 19 22 82
Inge Sørheim	56 19 22 83
Linda Rea Herland	56 19 22 84
Trent Bruner	56 19 22 85
Ruth Hauge	56 19 22 86

**Prestane:**

Sokneprest Tom Sverre Tomren  
Tlf: 45 63 68 93

Sokneprest Inge Sørheim, Hosanger  
Tlf: 56 39 26 66 - 90 62 00 46

**Kyrkjemusikk:**

Organist Linda Rea Herland 980 58 770  
Organist Trent Bruner 56 19 22 85

**Kyrkleieg fellesråd:**

Leiar: Roger Breivik - 913 82 424  
Nestleiar: Jenny Eikeland  
Margrethe R. Ådland, Audun Mosevoll,  
Jan Roald Myking, Wenche Fiskeseth, Inge Sørheim.

**Soknerådsleiarar:**

Gjerstad: Roger Breivik  
Hosanger: Jan Roald Myking  
Hamre: Merethe Mjelstad  
Haus: Madli Hannisdal  
Bruvik: Wenche Fiskeseth

**Kyrkjehelsing redaksjonsnemd:**

Redaktør: Kristoffer Foldøy  
Tlf: 56 39 45 42 - 476 18 124  
E-mail: kristofferfo@gmail.com

Hild Breivik  
Madli Hannisdal

Layout: Oda Karoline Foldøy



Barnet tek imot oss med eit blidt og ope andlet på framsida. Slik som dette barnet vil vi gjerne sjå det nye året i møte. Det kunne vore ein typisk norsk unge, framstilt med lyst hår og krøller. Men biletet er måla i Italia i året 1439. Det fortel oss at barneandletet på ein måte er universelt og tidlaust, til alle tider har det skuldlause barnet stått for von og framtid.

Vi forstår at dette barnet er Jesus: I glorien kring hovudet er det teikna inn ein kross. Og vi skimtar Maria si blå kappe bakanafor. Barne-portrettet er ein detalj i eit stort bilet som *Fra Angelico* laga til kyrkja San Marco i Firenze. Førenamnet Fra er ei forkorting av Frater, som tyder "bror". Målaren var domenikanarmunk, og fekk tilnamnet Angelico, ein som liknar ein engel. Han var døypt Guido, men tok seinare namnet Giovanni, på norsk Johannes.

Kunsthistoria kan fortelja om mange kunstnarar som levde utsnevande liv, gjerne på sida av allmenn aksepterte normer og moral. Når det gjeld denne kunstnaren, er det nett motsett. Han levde heilt etter munkeløftet sitt, enkelt og fromt, endå han blei godt kjend i si samtid, og kunne ha samla seg ei ganske stor formue. Men han gav alt bort. Det var på grunn av dette sinnelaget han fekk tilnamnet sitt. På dødsleiet sa han om seg sjølv:

Når de syng min pris, må de ikkje samanlikna mine talent med Apelles \*. Sei heller, i namnet åt Kristus, at eg gav alt eg hadde til dei fattige. Gjerningar som tel på jorda er ikkje dei same som tel i himmelen.

Underleg nok er denne fromme munken med å skapa forandringa av målarkunsten som skjedde i overgangen frå mellomalderen til renessansen. Han gjev liv til Jesusbarnet på ein måte som var ukjend tidlegare, då dei måla dei heilage i stive rammer, meir som symbol eller ikon. Han viser verkeleg dei menneskelege sidene av Jesus i dette biletet. Vi kan stussa over eit barneportrett frå Italia som ser så nordisk ut, men det å vera lys blei sett på som vakkert også på denne tid. Kvinnene farga eller bleika gjerne håret sitt lysare enn det eigentleg var, dei nyttet henna og andre plantefargemiddel.

Fra Angelico har laga mange kunstverk som har overlevd til vår tid. Han døydde i 1455, medan han utførte eit oppdrag for paven i Roma. Vi kan sjå gravmælet hans inne i kyrkja Santa Maria sopra Minerva like ved Pantheon i den italienske hovedstaden.

\* Apelles var den mest kjende målaren i den greske antikken.

# *Andakt*

v/ Jon Zimmermann

(Zimmermann studerer til prest og har praksisperiode på Osterøy)

Husker du hva du spiste i går? Eller hva du spiste for to dager siden? Det er et spørsmål de fleste må tenke seg litt om for å svare på. Det er ikke alltid så lett å komme på hva vi spiste, men at vi spiste kan vi si med sikkerhet. En lærer jeg hadde på Norsk Lærerakademi i Sandviken sammenliknet ofte en andakt med mat. Det er ikke alltid vi husker hva den handlet om, men at vi trenger den, det er det ingen tvil om. ”Gi oss i dag vårt daglige brød” er en velkjent linje fra den bønnen Jesus selv lærte disiplene. Dette er en bønn om å få tilfredstilt et helt grunnleggende behov for mat og drikke som alt levende avhengig av. Men dette er også et rop til Gud om en annen tilfredsstillelse, et behov vi alle har som skapt i Guds bilde, et behov for felleskap med Gud, et felleskap vi bare kan oppnå gjennom Jesus.

Noen velger å spise litt mindre i fasten og bruke mindre penger på seg selv. Det er en fin måte å vise solidaritet på med de som er fattige og sulter. Men fasten er også en anledning for å bruke mer tid med Gud i bønn. Da Israelittene vandret i ørkenen sendte Gud manna, brødet fra himmelen til hjelp for sitt utvalgte folk slik at de kunne spise seg mette. På mange måter kan våre liv sees på som en ørkenvandring. Fastetiden spesielt har dette som et tema. Vi strever, lider nød og er fortapte uten Guds inngripen.


*«Jeg er livets brød. Den som kommer til meg, skal ikke hungre, og den som tror på meg, skal aldri tørste». Han er brødet som har kommet ned fra himmelen. Uten han kan ingenting leve, og vi ville ha dødd uten han i vår ørken slik som forfedrene gjorde før oss.*

Hva er det med Jesus som metter kan en spørre seg. Vi et behov for felleskap med Gud. Vi tørster etter å være rettferdige for å kunne ha samvær med den hellige Gud. Denne muligheten mistet vi da Adam og Eva falt for synden. En synder tåler ikke guds hellighet og det er kun gjennom Jesu forsonende død vi kan stå rettferdig framfor den treenige Gud. Vi trenger den nåde Gud viser oss gjennom Jesus. Jesus er i sannhet det brødet som metter vårt behov.

Men hvordan er det mulig å spise dette brødet? Skal vi spise Jesus? Så konkret gjør vi det faktisk i nattverden.


Her er Jesus tilstedet med sin kropp og sitt blod. Når vi feirer nattverd får vi brødet som er hans kropp, og vinen som er hans blod, livets brød og det levende vann som skal være en kilde i oss til nytt lit, et liv i renhet og forsoning med Gud. Vi skal høre hans ord, gjøre hans gjerninger og slik spise av det brødet som er Kristus. Det er dette Jesus mener vi skal arbeide for. Ikke den mat som forgår og som gir liten metthetsfølelse, selv om det ofte kan være mer fristende i våre liv. Vårt blikk må løftes vekk fra de trivuelle ting som opptar oss, de ting som ikke fører til det gode, men i stede holde blikket på han som er troens opphavsmann og fullender; Jesus Kristus.

Hva krever så Gud av oss? Spørsmålet er av den art en stiller for å rettferdigjøre seg selv. Svaret på dette er ganske enkelt, men samtidig veldig vanskelig; å tro på han Gud har sendt oss! Men samtidig ligger det også en oppgave i det å tro på Jesus. En gjerning som ikke fører til frelse, men en gjerning som er Guds vilje og dermed en sterk oppfordring for alle kristne. Fastetiden minner oss på at andre også sulter og lider nød. Livets brød er ment for å deles. Det er vår oppgave å sørge for at evangeliet om Jesus blir kjent så alle kan få spise seg mette. Da Jesus mettet fem tusen fikk disiplene i oppgave å dele ut brødet og fisken til alle de som var møtt opp. I dette ligger det mer en enn praktisk ordning. Vi har en oppgave å gjøre. Denne oppgaven kan i korthet oppsummeres i to ting; misjon og diakoni. Vi skal forkynne hans navn, hans gjerninger og hans Guddom med ord og handlinger. Vår neste skal få en smak av det brødet bare troen på Jesus gir, det brødet som gir liv. Jesus sier selv at de som kommer til han skal han ikke støte bort. Gjennom og nettopp å forkynne hans navn, og om hans gjerninger kan vi dele av det brødet bare Jesus kan gir. Jesus er både giveren av dette brødet og brødet selv. Like fullt kan det koste en kamp og gi seg selv over og sette sin lit til Kristus alene. Så la dette være vår fastekamp i et samfunn som krever vår oppmerksomhet og våre liv på ting som ikke metter. Vi skylder å ta i mot og legge våre liv i Guds hender, han som gav sin sønn som en løsepengen for at vi skal få fellesskap med han. Når vi ber ”gi oss i dag vårt daglige brød”, kan vi like gjerne be ”gi oss i dag ditt daglige evangelium”, den nåde vi trenger og som er ny hver dag.



# FASTEAKSJON PÅ OSTERØY 17. OG 18. MARS

Ta vel imot dei som kjem rundt og samlar inn! Denne arikkelen gjev eit døme på kva pengane i år vert nytta til.



Martha Gezahegn er lærar i kunsthandverk på Nytt-liv senteret for tidlegare sexarbeidrarar i Addis Ababa. Dei lagar vakre stofftrykk som er til sals i ein liten butikk i byen.

## FASTEAKSJON MED FOKUS PÅ FORBILDE

Martha Gezahegn (28) selde kroppen sin til framande menn. Ho er ho gift, mamma og lærar for andre tidligare sexarbeidrarar i Etiopia. Ho er eitt av forbilda som utfører norske kyrkjelydar sitt internasjonale diakoniarbeid.

Vi har sett det før, i dei nattemørke gatene heime i Oslo og i byar over heile verda: Ei kvinne som forhandlar med ein framand mann om prisen på det mest sårbare ho eig. Ei jente som gjev bort ein liten bit av seg sjølv i byte mot ein bunke skitne sedlar, natt etter natt, til det ikkje er meir att å gje. Eller til ho møter ein engel som ikkje vil ha noko frå henne, men som tilbyr henne håp. Eit nytt liv.

### Gjev håp

–Ei natt kom det nokre menneske bort til meg på gata, og ein av dei gav meg ein liten papirlapp. Det var ein invitasjon til lunsj på eit senter som heitte Nytt liv. Det hadde aldri falle meg inn at det kunne finnast noko nytt liv for meg. Dei fortalte meg at Gud framleis elskar meg, men eg trudde ikkje det kunne finnast ein slik kjærleik, fortel Martha Gezahegn.

Martha fekk verkeleg eit nytt liv gjennom senteret som blir drive av Mekane Yesus, den evangeliske kyrkja i Etiopia. Kyrkja sin diakonale organisasjon er ein av Kirkens Nödhjelps lokale partnarar. Kvart år får 60 nye jenter bli med inn i eit toårig program som gjev dei eit underhaldbidrag, yrkesopplæring, helsehjelp og terapi.

### Takkar norske kyrkjelydar

Buro Durje er aktiv i den lokale kyrkjelyden i Kazanchisbydelen i Addis Ababa og som frivillig på Nytt liv-senteret. Han ser på kyrkjelydane i Norge og Etiopia som jambyrdige partnarar i arbeidet:

–Gjennom den diakonale tenesta blir vi utfordra til å synleggjere Guds kjærleik der han verkar mest fråverande. Det er ein stor inspirasjon å vite at kyrkjelydar i Noreg er med oss i dette arbeidet på sin måte. Gjennom Kirkens Nödhjelp opplever vi eit sterkt samband med brørne og søstrene våre i Noreg. Eg vil gjerne få takke alle som tek del i prosjektet vårt gjennom å arrangere Kirkens Nödhjelps fasteaksjon!

## Saman forandre

Gjennom årets fasteaksjon vil Kirkens Nødhjelp setje fokus på menneske som forandrar verda. Vi vil fortelje historiane om nokre av dei som i prosjekta er med på å gjennomføre norske kyrkjelydar sitt internasjonale diakonale arbeid i praksis. Gjennom film, historiar og bilete vil vi sjå korleis både naudhjelpsoperasjonar, langsiktige utviklingsprosjekt og arbeidet med å påverka dei som styrer er forankra i lokale behov og løysingar, og i den verdsvide kyrkja sitt diakonale oppdrag.

—Kirkens Nødhjelp har ein naturleg plass i den verdsvide kyrkja, og det handlar om mykje meir enn berre identitet, seier generalsekretær Anne-Marie Helland. Ho utdjupar:

—Det er nettverket vårt av kyrkjer og trusbaserte organisasjonar i Noreg og verda over som gjer oss unike, som gjer at vi saman kan skape så stor forandring. Over alt der det er menneske, finst det ei kyrkje – eller ein moské, ein synagoge eller eit tempel. Det gjev oss innpass der få andre har tilgang. Det gjev oss hove til å utfordre religiøse leiarar om tradisjonell praksis slik som kvinneleg omskjering. Saman med lokale partnarar kan vi skape verkeleg og varig forandring. Og saman med nesten 40 000 konfirmantar og ei mengd frivillige i 2000 norske kyrkjelydar gjer vi fasteaksjonen til ein av våre største nasjonale dugnader. Det gjer oss utroleg stolte og veldig audmjuke!

## Frå forneda til forbilde

Etter at Martha sine to år i Nytt liv-programmet var omme, blei ho spurd om å halde fram på senteret som lærar. Ho møtte Esubaleu i kyrkja, gifta seg og blei mor til Nathanael. For henne blei familien eit handfast prov på den kjærleiken som er så vanskeleg å forstå.

—Jobben min er å lære jentene opp i eit praktisk kunsthandverk som kan sikre dei eit levebrød. Men den viktigaste lerdomen eg kan gje dei, er at dei er elsa av Gud. Eg har delt fornedingane deira, og no er eg eit forbilde som kan vise kor sterk kjærleikens makt er.

### Kirkens Nødhjelps fasteaksjon 17.–19. mars

Vi møter kvardagsheltar i Kirkens Nødhjelp sine prosjekt over heile verda. Dette er menneske som er fødde på feil side av urettferda. Men dei vil forandre verda, og dei veit korleis. Dei er forbilde. Med årets fasteaksjon vil Kirkens Nødhjelp fortelje historiane til nokre av disse forbilda. Arbeidet vårt byggjer på kunnskapen og engasjementet deira. Dei sikrar berekraftige løysingar som er forankra i lokalsamfunnet.

Dei får det til!

Støtta frå norske kyrkjelydar gjev forbilda hove til å skape verkeleg og varig forandring. For seg sjølv, for andre og for kvarandre.



**KIRKENES NØDHJELP'S FASTEAKSJON  
SAMAN FORANDRE  
17.-19. mars 2013**

## Støtt Kirkens Nødhjelps fasteaksjon 2013

Send **GAVE** på sms til **2468** (200 kr)  
eller ring **820 44 088** (200 kr) eller  
benytt kontonummer **1594 22 87493**

**KIRKENES NØDHJELP  
actalliance**

## KARNEVALSGUDSTENESTE



Det var eit utrleg flott frammøte i Haus kyrkja på karnevalsgudstenesta den 10 februar, nærpå 140 menneske møtte opp med store og små. Og det var ein fin og god stemning og forventning som låg i lufta, smilande og glade gjorde dei sitt inntog og mange flotte kostymer. Ein del kom og utan å vera utkledd, slik vi og hadde oppfordra til, dei trufaste kyrkjegjengarane av den godt vaksne garde.


*Tekst og foto: Madli K Hannisdal*

Per Arne Dahl skriv i laurdagsavisa Vårt Land 9.febr: Barn elskar å sjå tullete vaksne og kyrkjelyden likar kyrklege medarbeidarar som ikkje tar seg sjølv så høgtideleg. Det kan vi skriva under på samtidig som Tom S Tomren leia oss med trygg hand gjennom gudstenesta. Barnegospelkoret var med og søndagsskulen var gudstenestegruppe og deltok med song. Dei inneleia med å syngja den friske teksten: Her det plass for alle, her er ei åpen dør, her får du komme inn, her er liv og godt humør. Guds rike er for deg, her er ditt rette hjem. Bibelen viser vei. Både søndagskulen og konfirmantar deltok i tekstlesing og forbøn. Presten forklarte oss i preika kva faste er og at Jesus kom for å frelsa oss alle. Det var utdeling av bok til 6 åringane og Godt nytt til 5. klassingane.

Under ofringa blei det oppfordra til å bevega seg til Trent Bruner sin friske musikk, men det var nok litt uvant for dei fleste og gangen rundt alteret blei nokså tradisjonell og stiv med unntak av nokre; ikkje minst våre to afrikanske bibelskulestudentar som leia flott an. Beste dansarar blei kåra, to unge deltakarar gjekk av med den. Beste kostyme gjekk til ein ung pensjonist. Og etter gudstenesta og var det sjølvsgåt bollar, saft og kaffi.

Per Arne Dahl oppfordrar oss i kyrkja (i den same kronikken) at vi bør øva oss denne eine helga (fastelavnssonntag) til å forsaka melankolien og den aldri sviktande taktfullheten med litt laussluppen glede og hellig galskap som han kallar det. Han meiner at vi på den måten kan både gi ære tili Martin Luther som var oppteken både av fest og glede og Meistaren sjølv som lagde gledescener i Kana.

Ei annleis gudsteneste som var både ei god og ei positiv oppleving. For vår del i soknerådet er dette ei gudsteneste vi gjerne vil prøva igjen med til neste år.





# LØVA OG EINHJØRNINGEN



"Bergens Tidende" har for tida gåande ein historisk artikkelserie, og den første artikkelen i januar handla om ei hending i 1665. I august det året vart det kjempsa eit stort sjøslag på Vågen mellom engelske og hollandske fartøy, og Bergenhus festning var også innblanda. I etterkant av artikkelen har det vore mange debattinnlegg der ulike sider av det som hende i slaget har blitt belyst og debattert. Men at vrakgods frå slaget hamna i ei av kyrkjene på Osterøy, er kanskje ukjent for dei fleste.

Tekst: Kristoffer Foldøy

Foto: Wikipedia

Det finns svært mykje tilgjengeleg informasjon om det som skjedde på hamna i Bergen og ute på Vågen denne sommardagen. Ein flåte på 60 nederlandske skip, mange av dei store handelsfartøy, hadde søkt naudhamn i Bergen for å unngå å bli plyndra av den engelske marinen. Nederland og England var i krig på denne tid, og nokre av handelsskipa kom like frå Indonesia og var sørklasta med verdifulle varer. Dei hadde letta anker 1. juledag året før, runda sør-Afrika og så sigla nordover. Men for å unngå samanstøyt med den engelske flåten i kanalen mellom England og Frankrike, tok dei ein dryg omveg vestover, og sigla nord om Skottland. Slik hamna dei langs norskekysten, som skulle vera nøytralt og sikkert farvatn.

Desse skipa tilhøyrte Det nederlandske Ostindiske kompani, og lasta var berekna til å ha ein verdi tilsvarende 36 tonn gull. Denne ufattelege rikdommen var sjølv sagt freistande for mange.

Ein av dei som let seg freista, var den dansk-norske kongen, Fredrik 3. Han hadde ikkje teke standpunkt i konflikten mellom England og Nederland. Men då tilbodet kom frå engelsk side om at utbyttet skulle delast likt mellom England og Danmark dersom den engelske flåten fekk gå til angrep i norsk farvatn, svara han ja takk til det. Lasta utgjorde ein verdi tilsvarende den årlege inntekta til den danske krona. Det var pepar, muskat, kanel, silke, ibenholt, porselen, perler, rubinar og diamantar.

Slik hang det saman at engelskmennene hadde fått grønt lys til å angripa dei nederlandske skipa på Vågen. Det var berre det at kommandanten på Bergenhus festning ikkje hadde fått denne meldinga. Kureren med bodskapen frå København nådde ikkje fram til Bergen i tide. Så då dei engelske krigsskipa angrep, vart det på land vurdert som eit angrep mot fartøy som hadde søkt ly i ei nøytral hamn. Festningen gjekk derfor inn i kampen på nederlendarane si side.

Det vart ein kort og brutal kamp som berre varte tre-fire timer frå klokka fem om morgonen 12. august. Engelskmennene hadde stengt Vågen med å leggje sju skip etter kvarandre ytterst i ei rekke.

I tillegg hadde dei eit tilsvarande tal skip utanfor. Dei nederlandske skipa fylte hamna lenger inne. Desse var godt væpna, og hadde eskortefartøy med også. Dessutan var veret på nederlendarane si side: Det blas sterk sønnavind, altså ut av hamna. Då den kraftige kanonaden hadde halde på ei stund og krutrøyk og røyk frå brannar som oppstod dreiv utover, misste engelskmennene sikten.

Dei lærde strides enno om hovudgrunnen til at engelskmennene stakk av, men dei hadde nok størst tap. Ein reknar med at 112 engelske sjøfolk mista livet, mot 25 nederlendarar. På Bergenhus festning kom 7 personar, og inne i byen 10 sivile. Kanonkulene susa også innover land, og det set ennå ei kule fast i tårnet på Bergen domkyrkje som eit minne om slaget.

Men vår tilknyting til historia tek til dagen etter slaget. Då kom det roande nokre bønder frå Osterfjordbygdene einstad som hadde ærend i byn. På fjorden såg dei noko som låg og flaut, og berga det om bord. Det viste seg å vera delar av akterstomnen på eit skip, og denne var så vakkert utforma at dei bestemte seg for å gje han til kyrkja. Slik gjekk det til at Hamre kyrkje i lang tid hadde hengjande i våpenhuset to figurar: Ei løve og eit vesen dei ikkje var så sikre på kva eigentleg skulle forestilla. Kvifor dei hengde det opp i kyrkja, kan synast litt underleg for oss. Men sjølv om kunsten frå det engelske skipet ikkje var direkte religiös, vitna han om autoritet. Og det var noko kyrkja utøvde i stor monn.

No heng begge figurane på Bergen sjøfartsmuseum. Dei kom dit frå Bergen museum i 1962, då sjøfartsmuseet var nytt. Plata figurane var festa til er borte.

I dag veit vi at figurane må stamma frå eit engelsk skip. Sjølv om namna på alle skipa som var med i slaget er kjende, veit vi ikkje korleis det gjekk til at desse delane hamna i sjøen. Løvefiguren er eit maktsymbol, og vert gjerne brukt om kongeleg makt. Løva er jo dyra sin konge, og manken på hannløva står ut frå hovudet som strålene frå sola. Andletet er utforma svært menneskeleg og bekymra på denne engelske figuren, som også har ei slags krone på hovudet.

Det andre dyret ser mest ut som ein hest. Ser vi etter i panna, er det eit hol der. I holet har det vore festa eit horn, og figuren skal framstilla einhjørningen. Dette mytologiske dyret er symbol for reinleik, truskap og kraft. I mellomalderen vart historier om einhjørningar som vart fanga og drepne nytta som parallelhistorier til Jesu lidning og død. Vi ser også lenka som dyret er festa med, på same vis som på det engelske riksvåpenet.

I Storbritannia sitt riksvåpen finn vi begge figurane som var utskorne i tre på baksiden til det uheldige engelske skipet. Det må ha vore ein underleg opplevelse for engelske besøkjande, dersom slike var innom, å møta sine nasjonale riksvåpenfigurar i ei landsens norsk kyrkje.



Til julenummeret kom det inn mykje stoff, slik som dette diktet under.  
Alt kunne ikkje få plass i den utgåva.

Vi tek diktet med no, sjølv om det siste verset er knytta opp mot julehøgtida.

Eg ser deg Gud i kvar ein blom som gror,  
med gleda skal eg sitja ved ditt bord.  
Då alle tunge tankar snart vert viska vekk,  
og kropp og sinn vert rein som klåre bekk.

Ein gong eg ved di side sitja skal.  
I himlens skjær i ljose himmelhall.  
Då skal eg treffa mine kjære att  
og røda med dei fram mot høgste natt.

Å Gud, eg alltid heve deg så kjær.  
Snart skal eg førast dit av englehær.  
Og kjenna gleda stor ved høgste natt,  
den beste tida eg har hatt.

Snart klokkor klåre ringjer jola inn  
til minne om den Gud som verda vinn.  
Å, du min frelsar, gjev meg ro i sinn  
so eg i jola atter til meg finn.

- Olav Greve.



Sjømannamisjonen på Tysse ca. 1922-24  
(Kjelde: Åse Nilssen)

**Bak frå venstre:** Helena Birkeland (Birjelina), Karen Sofie Nilsen (ho Karen i Kvednhusdalen), Othelie Tysse (ho Tilla has Bernhard has Brukt), Kari Tysse (Askild-Kari), Anna Fossdal (Skul-Adna), Astrid Tysse (Astrid på Tuptæ).

**Nederst frå venstre:** Marta Herland (Sætra-Maijta), Malena Tysse (Malina på Tuptæ), Anna Tøsse (Smed-Adna), Anna Olsen (Pørs-Adna), Anna Haugen (Adna i Littlebøtn).

# KYRKJESTATISTIKK 2012

	<b>BRUVIK</b>	<b>HAMRE</b>	<b>HAUS</b>	<b>GJERSTAD</b>	<b>HOSANGER</b>
<i>Gudstenester</i>	18	27	27	42	26
<i>Deltakarar</i>	749	2828	2574	3239	2394
<i>Nattverdsgjester</i>	123	494	415	686	287
<i>Dåp</i>	3	37	12	23	17
<i>Konfirmantar</i>	7	25	15	33	22
<i>Vigsler</i>	1	7	3	3	4
<i>Gravferder</i>	5	14	7	19	17
<i>Kollekt</i>	18 745,-	74 775,-	65 681,-	119 196,-	52 612,-
<i>Utmelde</i>	0	9	3	3	2
<i>Innmelde</i>	0	1	1	0	0

<b>TIL SAMAN:</b>	<b>2012</b>	<b>2011</b>	<b>2010</b>	<b>2008</b>	<b>2007</b>	<b>2006</b>
<i>Gudstenester</i>	140	127	130	117	120	137
<i>Deltakarar</i>	11784	11507	11448	11985	13579	14022
<i>Nattverdsgjestar</i>	2005	2142	2022	2143	1969	2245
<i>Dåp</i>	92	82	70	67	85	70
<i>Konfirmantar</i>	102	103	92	108	88	85
<i>Vigsler</i>	18	9	14	20	9	15
<i>Gravferder</i>	62	86	74	75	53	
<i>Kollekt</i>	331 009,-	277 656,-	308 522,-	258 890,-	311 634,-	323 782,-
<i>Utmelde</i>	17	4	17	12	9	11
<i>Innmelde</i>	2	2	1	7	2	2

## KYRKJESKYSS TIL GJERSTAD:

Kjellaug Hartveit, tlf. 56 39 01 46, mobil 970 25 127  
 Roger Breivik, mobil 913 82 424

## KYRKJESKYSS TIL HAUS:

Frå Sundland / Votlo: Anette Kårvatn 908 74 357  
 Frå Havrå / Kvisti: Signe Hannisdal 991 24 257  
 Frå Rolland / Mjeldalen: Madli og Olav Hannisdal 913 30 928

## KYRKJESKYSS TIL BRUVIK:

Otto Mo 95 99 84 69  
 Erling Bruvik 95 85 49 15

*Ver ikkje redd for å ta kontakt. Me ynskjer at folk kjem til kyrkje!  
 Om ikkje dei oppsette personane kører sjølv, får dei andre til å gjera det.*



# DEN NORSKE KYRKJA

## Osterøy

### FEBRUAR

#### Onsdag 13/2-2013, Oskeonsdag

**Gjerstad kl 19:** Fastegudsteneste. Nattverd. Tomren.  
Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.

#### Sundag 17/2-2013, 1. sundag i fastetida

**Hosanger kl 11:** Høgmesse. Nattverd. Sørheim.

**Haus kl 11:** Høgmesse. Nattverd. Tomren.  
Takkoffer til Kirkens bymisjon.

#### Sundag 24.2-2013, 2. sundag i fastetida

**Gjerstad kl 11:** Gudsteneste med stor valfridom. Dåp. Tomren.  
Takkoffer til Stefanusstiftelsen.

### MARS

#### Sundag 3/3-2013, 3. sundag i fastetida

**Hamre kl 11:** Høgmesse. Dåp. Nattverd. Sørheim.

#### Sundag 10/3-2013, 4. sundag i fastetida

**Gjerstad kl 11:** Hømessa. Dåp. Nattverd. Tomren.  
Årsmøte for kyrkjelyden etter gudstenesta.

**Hosanger kl 11:** Hømessa. Nattverd. Sørheim. Årsmøte for kyrkjelyden etter gudstenesta.

#### Sundag 17/3-2013, Maria bodskapsdag

**Bruvik kl 11:** Høgmesse. Nattverd. Tomren.

**Hamre kl 11:** Høgmesse. Nattverd. Sørheim. Årsmøte for kyrkjelyden etter gudstenesta.

**Haus kl 17:** Fasteaksjon. Tomren. Osterøy Gospelkor deltek.  
Takkoffer delast mellom Kirkens Nødhjelp og  
Døveskulen i Kamerun.

#### Fredag 22/3-2013

**Hosanger kl 10.35:** Skulegudsteneste. Sørheim.

#### Sundag 24/3-2013, Palmesundag

**Gjerstad kl 11:** Fellesgudsteneste. Tomren.

#### Torsdag 28/3-2013, Skjærtorsdag

**Bruvikdalen kl 11:** Friluftsgudsteneste. Tomren.

**Haus kl 19:** Nattverdsgudsteneste. Tomren. Takkoffer til  
Navigatørene.

**Hosanger kl 19:** Høgmesse. Dåp. Nattverd. Sørheim.

#### Fredag 29/3-2013, Langfredag

**Gjerstad kl 11:** Pasjonsgudsteneste. Tomren.

**Hamre kl 11:** Pasjonsgudsteneste. Sørheim.

#### Laurdag 30/3-2013, Påskeaftan

**Hamre kl 23:** Påskennatt. Dåp. Nattverd. Sørheim.

#### Sundag 31/3-2013, Påskedag

**Gjerstad kl 11:** Høgmesse. Dåp. Nattverd. Tomren.

### APRIL

#### Sundag 7/4-2013, 2. sundag i påsketida

**Haus kl 11:** Høgmesse. Dåp. Nattverd. Tomren. Takkoffer til  
Det norske Bibelselskap.

**Hosanger kl 17:** Høgmesse. Dåp. Nattverd. Sørheim.

#### Sundag 14/4-2013, 3. sundag i påsketida

**Hamre kl 17:** Samtalegudsteneste. Sørheim.

#### Sundag 21/4-2013, 4. sundag i påsketida

**Gjerstad kl 11:** Høgmesse. Dåp. Nattverd. Tomren.

**Haus kl 17:** Familiegudsteneste. Tomren. Takkoffer til  
Barne- og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden.

#### Sundag 28/4-2013,

**Hosanger kl 11:** Gudsteneste. Konfirmasjon. Sørheim.

**Gjerstad kl.10:** Gudsteneste. Konfirmasjon. Tomren.

**Gjerstad kl.12:** Gudsteneste. Konfirmasjon. Tomren.

#### Konfirmasjonsdatoar 2013:

**HOSANGER 28. APRIL**

**HAMRE 5. MAI**

**GJERSTAD 28. APRIL**

**HAUS 5. MAI**

**BRUVIK 12. MAI**

# JUL FOR ALLE

Jul for alle var eit nytt tiltak frå diakoniutvalet i Haus. Det blei invitert til ei uformell samling i kyrkjelydshuset 2 juledag kl. 18.00. Tiltaket var først og fremst eit tilbod til dei som kjende seg litt einsame og som hadde litt ekstra sosialt behov i jula. Det blei ei triveleg samling med ca. 20 gjestar og blei eit godt gamaldags juleselskap der borna spelte spel og dei vaksne prata og hadde det triveleg sosialt og me gjekk rundt juletre. Og alle hadde med litt å bita i; det blei rikeleg med mat. Me har planar om å prøva igjen til neste år og håpar på endå fleire gjestar også frå andre bygder.

*- Ein av gjestane.*



## TENDE LYS I BRUVIK KYRKJE

Den 16.desember 2012 var folk frå Bruvik og mange gjester samla til lysmesse og julekonsert i Bruvik kyrkje. Sokneprest Tom Sverre Tomren, organist Trent Bruner og konfirmantane stod for lysmessa som blei stilfullt og høgtidssamt gjennomført.

**Tekst: Wenche Fiskesteth**

**Foto: Otto Mo**

Tradisjonen tru heldt Haus musikklag, ved dirigent Eirik Tysse, ein framifrå fin og stemningsfull julekonsert. Alle i kyrkja song med på dei kjende julesongane. Dessutan presenterte dei musikkstykke av særskilt høg kvalitet.

Eit spesielt innslag var songen som Vilde Vassdal frå Bruvik skule framførde heilt åleine. Ein uvanleg gripande augneblink då ho gjorde dette mellom dei garva musikarane.

Kvelden vart avslutta med kyrkjekaffi.

Arrangøren som var Bruvik sokneråd, takkar for lysmessa og julekonserten, og ynskjer vel møtt att i advent 2013!



# Slekters gang

## Døypte:

### Haus

13.01.13 Kristina Larsen Lone

13.01.13 Cassandra Planterhaug Mjelde

13.01.13 Madeleine Nielsen Måkestad

### Gjerstad

23.09.12 Torvald Reigstad

23.09.12 Ylva Mathea H. Bønes

23.09.12 Henrik Audestad

14.10.12 Krister Hatland Bjørsvik

28.10.12 Svana Mjelde Sigurdarsdottir

18.11.12 Tori Elida Rongved

18.11.12 Adrian Jensen Fotland (busett i Oslo)

### Hamre

25.11.12 Marius Helland

25.11.12 Nora Kriszte Mikalsen

25.11.12 Jonathan Gjøstein-Tolleshaug (Busett Gjerstad)

25.12.12 Marvin Eriksson Guhl

25.12.12 Dagfinn Runar Sighorsson-Revheim

09.12.12 Markus Bø (Busett Gjerstad)

27.01.13 Rigmor Sørtveit Hansen

27.01.13 Theo Håland

27.01.13 Villemo Syta

### Hosanger

27.01.13 Tobias Skjerping Nakken

27.01.13 Synne Hole Holsen

### Bruvik

20.01.13 Isabella Hundhammer (Busett Haus)

20.01.13 Iris Revheim

20.01.13 Ingrid-Sofie Normann Andersen (Busett Haus)

## Vigde:

### Hamre

12.01.2013 Ingunn Synnøve Sjurseth og Arne Ivar Lundøy  
((Busett Lindås))

### Hosanger

12.01.2013 Malin Therese Nøttveit Vedå og Olav Reigstad

## Gravlagde:

### Haus

20.11.12 Klara Leonora Skjerping (f.1941)

23.11.12 Erna Lilly Vatle (f.1932)

### Hosanger

21.11.12 Augusta Olsnes (f.1922)

30.11.12 Olav E Tysse (f.1925)

04.12.12 Michael John Bardsley (f.1948)

18.12.12 Johanna Myking (f.1919)

18.12.12 Kåre Gjelsvik (f.1923)

27.12.12 Per Henry Haukeland (f.1931)

09.01.13 Mons Johan Tysse (f.1933)

09.01.13 Ella Bertina Pedersen (f.1921)

25.01.13 Aslaug Åsheim (f.1919)

12.02.13 Unni Martha Grønås (f.1910)

### Gjerstad

29.11.12 Astrid Mathilde Vevle (f.1921)

20.12.12 Alf Rongved (f.1952)

28.12.12 Gunda Karina Espenvoll (f.1917)

03.01.13 Britt Norpoll Skjerping (f.1966)

09.01.13 Solveig Åsen (f.1922) (Bisett frå Møllendal)

15.01.13 Astrid Gudmundsen (f.1929)

29.01.13 Herbjørg Solberg (f.1922)

08.02.13 Maria Karina Revheim (f.1932)

# TAPT

Nokre gonger tapar vi ein fotballkamp eller eit vedde-mål med kameratane. Andre gonger opplever vi langt meir alvorlege tap. For dei tapa finst Kirkens SOS, menneske med erfaring i å lytte til og støtte andre. Ring oss anonymt kva tid som helst på 815 33 300 eller kontakt oss på kirkens-sos.no. **Vi er her. Alltid.**



## BLINK HUS

## Helge Rød as

BLINK HUS Helge Rød | 5281 Valestrandsfossen

www.helgerod.no | Tlf: 56 19 37 00 | Mob: 45 24 54 85

DER GODTFOLK TREFFES  
OSTERØYKROA  
56193434



YX Osterøy Servicesenter  
5281 Valestrandsfossen  
56 39 41 86

## Revheim Gravferdshjelp

Telefon: 56 39 21 73  
Revheim  
5282 Lonevåg



SparebankenVest  
- satsar på Vestlandet

# MISTET

Nokre gonger mistar vi ein paraply eller ein hanske. Andre gonger opplever vi å miste noko langt meir alvorleg. For dei tapa finst Kirkens SOS, menneske med erfaring i å lytte til og støtte andre. Ring oss anonymt kva tid som helst på 815 33 300 eller kontakt oss på kirkens-sos.no. **Vi er her. Alltid.**



# REMA 1000

5282 Lonevåg | 56 39 22 30

TOTALLEVERANDØR AV  
ELEKTROINTALLASJONER  
AUTORISERT EL- OG TELEINSTALLATØR  
**Thunestvedt**

Bergen 55 39 19 00 | Osterøy 56 19 39 00  
[www.thunestvedt.no](http://www.thunestvedt.no)

TAKK FOR STØTTA  
FRÅ SPONSORANE VÅRE!

# AVSKILSGUDSTENESTE FOR KANTOR KÅRE RIVENES

Etter 14 år som kantor i Haus, Gjerstad og Bruvik takka Kåre av på gudstenesta I Haus søndag den 13. jan. Det var ei flott og innhaldsrik gudsteneste som han sjølv hadde utforma med mykje fin musikk og song. Både Osterøy kyrkjekor, Haus musikklag og Kjell Hannisdal supplerte med fine musikalske innslag, i tillegg til fin musikk frå orgelkrakken frå Kåre sjølv. Begge prestane deltok og var med gav gudstenesta eit fint innhald. Det var mange som var møtt fram og var med på gudstenesta.

I etterkant var det duka til fest i kyrkjelydshuset der alle vart invitert med til å delta.

Her var det mange gode takkeord og gåver som vart bore fram både av soknerådsleiarar, leiar for Haus musikklag og dei tilsette ved kyrkjekontoret. Kåre har lagt ned mange arbeidstimar i kyrkjene våre og bidratt både til konsertar og ikkje minst har han vore sterkt engasjert i arbeidet med konfirmantane. Vi i Haus er glade for at han fortsatt er busett i kyrkjelyden vår.

Vi ønskjer han alt godt vidare og Guds rike signing i den nye stillinga han no har gått inn i Laksevåg menighet i Bergen.

*Madli K Hannisdal  
leiar Haus sokneråd*

## **ENGLAR I SNØEN SYNG SIN EIGEN SONG**

*Engelen i snøen  
har vore her,  
men blei borte  
med mildveret.  
Stilstrar du deg bort  
i soveromsglaset  
ein kveld med nysnø  
kan du kanskje  
sjå og høyra songen hans.*



Så er tida inne for å leita etter dei små teikn som viser at våren er på veg. Snøklokker, fuglesong og teikn på liv i tretoppene. Og sola kjem høgare opp på himmelen for kvar dag som går. Neste nummer av "Kyrkjehelsing" kjem ut siste veka i april.

Stoff som skal med i neste nummer må vera innsett innan **05. april**.

Redaktør: Kristoffer Foldøy, 5281 Valestrandsfossen.

E-mail: kristofferfo@gmail.com



## *Bunad og stakkastovo as*

*ny bunad*

*- om-saum*

*bunadsølv*

*tilbehør*

*Ring for avtale 56 19 18 00*

*Osterøy næringspark, 5281 Valestrandfossen*

*[www.bunadogstakkastovo.no](http://www.bunadogstakkastovo.no)*